

Andre rundskriv

24.–26. mai 2023 arrangerer Universitetet i Bergen (UiB) den 17. konferansen om leksikografi i Norden i Bergen, i samarbeid med redaksjonen for *Det Norske Akademis ordbok* (NAOB).

Vi inviterer alle interesserte til å melde inn foredrag og poster til konferansen ved å sende inn samandrag. Alle tema som tek utgangspunkt i leksikografisk teori og praksis, er velkomne, særleg bidrag knytte til hovudtemaet på konferansen: *Det gamle og nye i ordbøkene*. I det ligg alt som har med språkleg opphav og endring å gjere: etymologi, lån, nyord, innpassing, ord som har gått ut av bruk og semantisk og grammatisk variasjon.

Vi opnar dessutan for å organisere sesjonar med andre tema, og etter innspel har vi sett opp ein sesjon om den leksikografiske arven etter Ivar Aasen, i samband med at det er 150 år sidan han gav ut *Norsk Ordbog* i 1873. Ein annan sesjon skal handle om nyord i Norden, t.d. jamføring av nyordsarbeidet i dei ulike landa, om prosessen med innføring av nyord i ordbøker og om metodar for ekserpering. Tidsramma for foredraga er 20 minutt etterfølgt av 5 minutt til spørsmål og diskusjon.

Fyll ut [skjemaet på denne sida](#) om du ønskjer å delta med foredrag eller poster. Samandraget skal vere på maksimum 300 ord utanom referansar. Frist for innsending er 14. november.

I skjemaet ber vi deg hake av for om bidraget er meint som

1. foredrag:
 - a. med tilknytning til temaet for konferansen
 - b. utan tilknytning til temaet for konferansen
2. anna tematisk sesjonsforedrag:
 - a. arven etter Ivar Aasen
 - b. nyord i Norden
3. poster

Ver merksam på at det kan bli nødvendig å akseptere berre eit utval av dei innsende bidraga. Du får beskjed om bidraget er akseptert i januar eller februar 2023. Etter konferansen får alle tilbod om å levere inn ein artikkel, som etter fagfellevurdering kan bli publisert i serien *Nordiske studier i leksikografi*.

Dei tre plenarforedragshaldarane er hovudedaktør Bo Wendt (SAOB, Lund), direktør Åse Wetås (Språkrådet, Norge) og professor/direktør Alexander Geyken (*Digitales Wörterbuch der deutschen Sprache*, Berlin).

Konferansen blir arrangert på Hotel Terminus i Bergen sentrum, som er ein del av hotellkjeden [De Bergenske](#). Kjeden tilbyr konferansedeltakarane 10 % rabatt på overnatting på alle dei seks hotella i kjeden, sjå infoskriv som ligg ved e-posten. Rabatten gjeld frå 23.–28. mai. Konferansedeltakarane står sjølvsgatt fritt til å velje andre overnattingsalternativ, som de til dømes kan finne på nettsida [visitbergen.com](#). Det skjer mykje på kulturfronten i Bergen mot slutten av mai, mellom anna [Festspillene](#), så vi rår alle til å bestille overnatting og reise så raskt som mogleg.



UNIVERSITETET I BERGEN



Kvelden før konferansen, tysdag 23. mai, blir det mottaking på Universitetsbiblioteket. Konferansemiddagen blir torsdag kveld. På fredag føremiddag held Nordisk foreining i leksikografi generalforsamling, og konferansen blir avslutta tidleg på ettermiddagen same dag.

Viktige datoar:

29. april 2022 – rundskriv 1

1. oktober 2022 – rundskriv 2, påmelding av samandrag opnar

14. november 2022 – registrering av samandrag stengjer

januar/februar 2023 – beskjed om akseptert føredrag/poster

1. mars 2023 – rundskriv 3

15. mars – siste dato for påmelding og betaling av konferanseavgift

23. mai 2023 – mottaking på Universitetsbiblioteket

24.–26. mai 2023 – den 17. konferansen om leksikografi i Norden

september/oktober 2023 – siste frist for innlevering av skriftleg bidrag til konferanserapporten

Vi ber alle interesserte forskarar og leksikografar om å setje av datoane, og del gjerne informasjonen med andre du trur kan vere interesserte. Har du spørsmål eller kommentarar, eller ønskjer å bli lagt til i eller fjerna frå mottakarlista, send ein e-post til arrangentskomiteen: NFL2023@uib.no

Lenkje til påmelding til konferansen kjem seinare i haust, og siste frist for påmelding er 15. mars.

Meir informasjon finn du på nettsida til konferansen: <http://tiny.cc/nflkonferansen2023>

Skjema for påmelding av samandrag: <https://skjemaker.app.uib.no/view.php?id=13415385>

På vegner av arrangementskomiteen

Margunn Rauset (UiB), Gyri Smørddal Losnegaard (UiB), Peder Gammeltoft (UiB) og Hanne Lauvstad (NAOB)



UNIVERSITETET I BERGEN

